



Jibo Consult John Ingvald Økland
Pb. 29
5358 FJELL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/631 - 19/14208

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2019

Mellombels bruksløyve for hovudhuset - gbnr 195/28 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Egil Arne Økland
Ansvarleg søkjar: JIBO Consult
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.08.2014.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Ansvarleg søkjar har opplyst at det ikkje gjenstår arbeid på dette bygget, og at det no kun gjenstår arbeid på tomannsbustaden. Det er vidare stadfesta at eigedomen er tilstrekkeleg sikra i frå dette arbeidet.

Mellombels bruksløyve gjeld heile hovedhuset med bygningsnummer 176281650.

Ansvarleg søkjar har opplyst at det vert søkt ferdigattest samla for begge tiltaka.

Det vert elles vist til søknad motteken .

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile hovudbygget med bygningsnummer 176281650, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring



Adresse:	
Bygningstiltak:	Bustad med separat leilegheit
Bygningsnummer:	176281650
Avløp:	Privat avlaupsanlegg
Vatn:	Offentleg vatn
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile hovudhuset bygningsnummer 176281650 på gbnr gbnr 195/28 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld for hovudhuset.
2. Eigedomen skal til ein kvar tid vere sikra i frå eksisterande arbeid på tomannsbustad
3. Mellombels bruksløyve gjeld for 1 år i frå vedtaksdato.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/631

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jibo Consult John Ingvald Økland

Pb. 29

5358

FJELL